



DEN NORSKE KYRKJA

Varhaug sokn

Arkiv: KF-KF, SOKN-
Varhaug sokn, KRK
VIRK-300.0
JournalpostID: 20/1943
Saksbehandlar: Turid Boganes
Dato: 16.02.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Råd	Møtedato
13/2023	Varhaug sokneråd	08.03.2023

Høyringsvar "Adgangen til å vektlegge samlivsform ved tilsetjing i Den norske kirke"

Forslag til vedtak:

Varhaug sokneråd vil senda dette høyringsvaret til høyringa om «Adgangen til å vektlegge samlivsform ved tilsetjing i Den norske kyrkje».

«Opplysningar om samlivsform kan bli vektlagt». I dag vert dette formularet nytta ved utlysningar av stillingar i eit bispedøme. Kor ofte dette formularet vert nytta ved utlysingar av stillingar i fellesråd og sokneråd ingen som fører statistikk over, ei heller veit kor ofte det vert vektlagt. Men ein veit at dette vert lagt inn ved stillingsutlysingar over heile landet, og det er opp til det enkelte råd å avgjera om dette skal stå i utlysinga eller ikkje. Det vert brukt ved utlysningar av stillingar i kyrkjelydar som strever med frivillighet og engasjement, det er i kyrkjelydar med stort engasjement, det er små og store kyrkjelydar. Alle ein del av Den norske kyrkje. Sjølvstendige rettssubjekt, beståande av mange ulike personar – som alle skal få eit godt møte med kyrkje.

Sidan Kyrkjemøtet sitt vedtak i lærespørsmålet om homofilt samliv i 2007 kor ein slo fast at kyrkje kunne leva med to ulike syn, samt liturgisaka i 2016 kor ein vedtok liturgi for vigsel av likekjønna par i Dnk, – har ein til halde fram at kyrkje har to likestilte offisielle syn i denne saka. I høyringsbrevet vert det lagt vekt på at spørsmålet om å vektlegge samlivsform ved tilsettjing ikkje er av læremessig karakter, men prinsipp om å ikkje diskriminera på bakgrunn av likekjønna samlivsform. Dette er ikkje Varhaug sokneråd enige i. Å gå frå å seie at ein skal ha to syn på lærespørsmålet om ekteskap, men berre eit i tilsettjingsssaker vert som å tala med kløyvd tunge –teori og praksis ikkje henga saman. Går ein for forslaget som er skissert i høyringsbrevet peikar ein ut ein ny kurs; I Den norske kyrkje er det ikkje lenger rom for to syn, her skal alle dela synet om at ein uansett samlivsform kan inneha alle stillingar i kyrkje.

Varhaug sokneråd og er redd for effekten dette kan gje ut i kyrkjelandskapet. Etter vedtaket om to likestilte syn såg ein tydleg effekt på utmeldingsstatistikken. I 2016 var det totalt 41427 utmeldingar frå Den norske kyrkje mot ein stad mellom 15 000 og 18 000 i snitt i åra før og etter vedtaket. I Hå kyrkjelge fellesråd var det i 2016 tilsaman 267 utmeldingar og i 2017 var det 149 utmeldingar. Dei andre åra ligg på eit snitt rundt 55 utmeldte. Dette viser at kyrkje, både lokalt og nasjonalt, mister mange bevisste medlemmar når slike prinsippvedtak vert gjort. Mange som står som medlemmar i kyrkje i dag kjenner på ein usikkerhet om sitt ynskje om å stå som medlem av ei kyrkje som taler med to tunger, og kor teori og praksis ikkje heng saman.

I lov om likestilling og forbod mot diskriminering §30, 2. og 3. ledd «Innhenting av opplysninger om etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsettelse og samlivsform er likevel tillatt hvis opplysningene har avgjørende betydning for utøvelsen av arbeidet eller yrket. Innhenting av opplysninger om søkerens samlivsform, religion eller livssyn er tillatt hvis virksomheten har som formål å fremme bestemte livssyn eller religiøse syn, og arbeidstakers stilling vil ha betydning for å gjennomføre formålet.» Som vigsla medarbeider i ein kyrkjelyd kor ein opplever at det er mange som står for synet at ekteskapet er forbeholdt mann og kvinne, kor soknerådet arbeider for at dette synet skal skal haldast fram, kor store deler av kyrkjelyden stiller seg bak dette synet kan det bli ei stor belastning for den som vert tilsett å leva i eit likekjønna ekteskap. Ved at ein framleis kan nytta den muligheten som ligg i lovverket til å innhenta desse opplysningane om samlivsform før tilsetjing kan ein arbeida bevisst for å redusera belastninga på både dei som vert tilsett i dei ulike vigsla stillingane, samt la det vera rom for ulike meningar og praksis i kyrkjelandskapet.

I behandling av saka om kyrkjeleg organisering på Kyrkjemøtet i 2022 vart det lagt vekt på auka lokalt styre ved tilsetjing av soknerprestar i rettsobjektet Dnk og på fellesrådsnivå. Ved å vedta forslaget i høyringsbrevet går imot intensjonane som kom fram i behandlinga av saka om kyrkjeleg organisering. Og ein tek frå dei ulike råd og organ myndighet til å bestemma over seg sjølve. Ein sender eit tydeleg signal om at den enkelte juridiske ening skal innretta seg etter det eit fleirtal nasjonalt vil, medan den lokale kyrkjelyden ikkje få påvirka i sine tilsettingar – sjølv når dette er lovleg ut frå norsk lov.

Den norske kyrkja er stolt av å vera ei raus og open folkekyrkje, med rom for alle. Då må ein og akseptera at det er ulikskap i kyrkjelandskapet, at ein tolker Bibelen ulikt og at det gjev utslag i ulik praksis. På denne måten kan ein behalda mangfaldet –samstundes halda fram at me er ei kyrkje med to syn på saka om ekteskap både i teori og praksis.

Varhaug sokneråd er negativ til at Kyrkjemøtet skal gjera vedtak om at rettsobjektet Den norske kyrkja ikkje lenger vil tillate at formularet om «Opplysningar om samlivsform kan bli innhenta og vektlagt ved tilsetjing (jfr. § 30 i likestillings- og diskrimineringslova)».

Saksframstilling:

På møte i Varhaug sokneråd 25.01.23 vedtok soknerådet at ein skulle arbeida fram eit høyringsvar til høyringa om «Adgangen til å vektlegge samlivsfor ved tilsetjing i Den norske kirke» til møtet 08.03.23.

Høyringsbrev og høyringsnotat ligg vedlagt. Under er utdrag frå *Lov om likestilling og forbod mot diskriminering* som det er referert til i saksutgreiinga frå kyrkjerådet.

§ 6. Forbud mot å diskriminere

Diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgaver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsettelse, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, alder eller kombinasjoner av disse grunnlagene er forbudt. Med etnisitet menes blant annet nasjonal opprinnelse, avstamning, hudfarge og språk.

Forbudet omfatter diskriminering på grunn av eksisterende, antatte, tidligere eller fremtidige forhold som nevnt i første ledd.

Forbudet gjelder også hvis en person blir diskriminert på grunn av sin tilknytning til en annen person, og diskrimineringen skjer på grunn av forhold som nevnt i første ledd.

Med diskriminering menes direkte eller indirekte forskjellsbehandling etter §§ 7 og 8 som ikke er lovlig etter §§ 9, 10 eller 11.

§ 9. Lovlig forskjellsbehandling

Forskjellsbehandling er ikke i strid med forbudet i § 6 når den

- a. har et saklig formål
- b. er nødvendig for å oppnå formålet og
- c. ikke er uforholdsmessig inngripende overfor den eller de som forskjellsbehandles.

I arbeidsforhold og ved valg og behandling av selvstendig næringsdrivende og innleide arbeidstakere er direkte forskjellsbehandling på grunn av kjønn, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsettelse, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk bare tillatt hvis denne egenskapen har avgjørende betydning for utøvelsen av arbeidet eller yrket, og vilkårene i første ledd er oppfylt.

Aldersgrenser som følger av lov eller forskrift, og fordelaktige priser på grunn av alder, er ikke i strid med forbudet i § 6.

§ 30. Forbud mot innhenting av opplysninger i ansettelsesprosesser

Arbeidsgivere må ikke i ansettelsesprosessen, herunder under intervju eller på annen måte, innhente opplysninger om en søkers

- a. graviditet, adopsjon eller planer om å få barn
- b. religion eller livssyn
- c. etnisitet
- d. funksjonsnedsettelse
- e. seksuelle orientering, kjønnsidentitet eller kjønnsuttrykk.

Innhenting av opplysninger om etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsettelse og samlivsform er likevel tillatt hvis opplysningene har avgjørende betydning for utøvelsen av arbeidet eller yrket.

Innhenting av opplysninger om søkerens samlivsform, religion eller livssyn er tillatt hvis virksomheten har som formål å fremme bestemte livssyn eller religiøse syn, og arbeidstakers stilling vil ha betydning for å gjennomføre formålet. Dersom slike opplysninger vil bli krevet, må dette oppgis i utlysningen av stillingen.

Varhaug sokneråd 08.03.2023:

VSR- 13/2023 Vedtak:

Varhaug sokneråd vil senda dette høyringssvaret til høyringa om «Adgangen til å vektlegge samlivsform ved tilsetting i Den norske kyrkje».

«Opplysningar om samlivsform kan bli vektlagt». I dag vert dette formularet nytta ved utlysningar av stillingar i eit bispedøme. Kor ofte dette formularet vert nytta ved utlysingar av stillingar i fellesråd og sokneråd ingen som fører statistikk over, ei heller veit kor ofte det vert vektlagt. Men ein veit at dette vert lagt inn ved stillingsutlysingar over heile landet, og det er opp til det enkelte råd å avgjera om dette skal stå i utlysinga eller ikkje. Det vert brukt ved utlysningar av stillingar i kyrkjelydar som strever med frivillighet og engasjement, det er i kyrkjelydar med stort engasjement, det er små og store kyrkjelydar. Alle ein del av Den norske kyrkja. Sjølvstendige rettssubjekt, beståande av mange ulike personar – som alle skal få eit godt møte med kyrkja.

Sidan Kyrkjemøtet sitt vedtak i lærespørsmålet om homofilt samliv i 2007 kor ein slo fast at kyrkja kunne leva med to ulike syn, samt liturgisaka i 2016 kor ein vedtok liturgi for vigsel av

likekjønna par i Dnk ,– har ein til halde fram at kyrkja har to likestilte offisielle syn i denne saka. I høyringsbrevet vert det lagt vekt på at spørsmålet om å vektlegge samlivsform ved tilsetjing ikkje er av læremessig karakter, men prinsipp om å ikkje diskriminera på bakgrunn av likekjønna samlivsform. Dette er ikkje Varhaug sokneråd enige i. Å gå frå å seie at ein skal ha to syn på lærespørsmålet om ekteskap, men berre eit i tilsetjingssaker vert som å tala med kløyvd tunge –teori og praksis ikkje henga saman. Går ein for forslaget som er skissert i høyringsbrevet peikar ein ut ein ny kurs; I Den norske kyrkja er det ikkje lenger rom for to syn, her skal alle dela synet om at ein uansett samlivsform kan inneha alle stillingar i kyrkja.

Varhaug sokneråd og er redd for effekten dette kan gje ut i kyrkjelandskapet. Etter vedtaket om to likestilte syn såg ein tydelig effekt på utmeldingsstatistikken. I 2016 var det totalt 41427 utmeldingar frå Den norske kyrkja mot ein stad mellom 15 000 og 18 000 i snitt i åra før og etter vedtaket. I Hå kyrkjelge fellesråd var det i 2016 tilsaman 267 utmeldingar og i 2017 var det 149 utmeldingar. Dei andre åra ligg på eit snitt rundt 55 utmeldte. Dette viser at kyrkja, både lokalt og nasjonalt, mister mange bevisste medlemmar når slike prinsippvedtak vert gjort. Mange som står som medlemmar i kyrkja i dag kjenner på ein usikkerhet om sitt ynskje om å stå som medlem av ei kyrkje som taler med to tunger, og kor teori og praksis ikkje heng saman.

I lov om likestilling og forbod mot diskriminering §30, 2. og 3. ledd «Innhenting av opplysninger om etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsettelse og samlivsform er likevel tillatt hvis opplysningene har avgjørende betydning for utøvelsen av arbeidet eller yrket. Innhenting av opplysninger om søkerens samlivsform, religion eller livssyn er tillatt hvis virksomheten har som formål å fremme bestemte livssyn eller religiøse syn, og arbeidstakers stilling vil ha betydning for å gjennomføre formålet.» Som vigsla medarbeider i ein kyrkjelyd kor ein opplever at det er mange som står for synet at ekteskapet er forbeholdt mann og kvinne, kor soknerådet arbeider for at dette synet skal skal haldast fram, kor store deler av kyrkjelyden stiller seg bak dette synet kan det bli ei stor belastning for den som vert tilsett å leva i eit likekjønna ekteskap. Ved at ein framleis kan nytta den muligheten som ligg i lovverket til å innhenta desse opplysningane om samlivsform før tilsetjing kan ein arbeida bevisst for å redusera belastninga på både dei som vert tilsett i dei ulike vigsla stillingane, samt la det vera rom for ulike meningar og praksis i kyrkjelandskapet.

I behandling av saka om kyrkjeleg organisering på Kyrkjemøtet i 2022 vart det lagt vekt på auka lokalt styre ved tilsetjing av soknerprestar i rettsobjektet Dnk og på fellesrådsnivå. Ved å vedta forslaget i høyringsbrevet går imot intensjonane som kom fram i behandlinga av saka om kyrkjeleg organisering. Og ein tek frå dei ulike råd og organ myndighet til å bestemma over seg sjølve. Ein sender eit tydeleg signal om at den enkelte juridiske ening skal innretta seg etter det eit fleirtal nasjonalt vil, medan den lokale kyrkjelyden ikkje få påverka i sine tilsetjingar – sjølv når dette er lovleg ut frå norsk lov.

Den norske kyrkja er stolt av å vera ei raus og open folkekyrkje, med rom for alle. Då må ein og akseptera at det er ulikskap i kyrkjelandskapet, at ein tolker Bibelen ulikt og at det gjev utslag i ulik praksis. På denne måten kan ein behalda mangfaldet –samstundes halda fram at me er ei kyrkje med to syn på saka om ekteskap både i teori og praksis.

Varhaug sokneråd er negativ til at Kyrkjemøtet skal gjera vedtak om at rettsobjektet Den norske kyrkja ikkje lenger vil tillate at formularet om «Opplysningar om samlivsform kan bli innhenta og vektlagt ved tilsetjing (jfr. § 30 i likestillings- og diskrimineringslova)».

Vedlegg:

Høyringsbrev (L)(6189)

Høyringsnotat - adgangen til å vektlegge samlivsform ved tilsetjing i den norske kirke

(L)(6188)